


Kulturmarkstypar

Landskapet fortel oss om våre forfedre!



Kulturlandskapet

*Det menneskepåvirka landskapet.
Tronge kår gjorde at
all mark
og alt som vaks,
frå fjøre til fjell,
måtte nyttast.*

*Vegetasjonen vart open og variert.
Mange kulturmarkstypar vart danna.*

Ingen ressursar stod ubrukt.

GAMLE DRIFTSMÅTAR

Kulturmarkene på museet er nyetablerte. Gamle kulturmarker er blitt til etter lang tid med same driftsmåtar. Nyetablering krev at ein steller marka slik dei gjorde før, utan nødvendigvis å bruke gamle reiskapstypar. Dette føreset blant anna:

- **Beiting** (held skogen borte)
- **Ikkje kunstgjødsel** (skjøre artar vert ikkje utkonkurrerte)
- **Sein og skånsam slått** (plantene får utvikla frø, og vert ikkje kvelte)
- **Hesjing og bakketørring** av graset (plantene frøar seg)
- **Lauving og rydding** (maksimal utnytting av fôr og beite)

KULTURLANDSKAPET FORSVINN

Drift av museumsområdet på denne måten gjennom eit tiår har gjort at kulturlandskapet no er i ferd med å ta form som bjørkehage, lauvingseng, blandingshage og slåtteeng

Om berre få år vil det aller meste av slike gamle kulturlandskap vera utryddingstruga.

Me står no overfor ei stor utfordring når det gjeld å ta vare på kulturmarkstypane våre – **det kan snart vera for seint!**

STUDER EIT LAUVRAUK

Dei gamle driftsmåtane skapte kulturlandskapselement som ikkje finst lenger. Eit døme på dette er lauvrauk. Eit lauvrauk er ein stabel eller ”stakk” av tørka lauv som ligg til lagring. Kan du finna eit slikt her på museet?